

Stolpane Skulehus

Bygd 1872 – Flytta 2005



Rapport frå Ad-hoc utval for flytting av Stolpane Skulehus

Forord

I kommunestyret den 16. desember 2003 vart det utnemnt eit utval som skulle arbeida med flytting av Stolpane Skulehus. Utvalet har bestått av Berit Hernes, Tone Tysseland Holmefjord, Audhild Aadland Olsnes og Frode Bjørnås.

Etter at vedtaket vart gjort om at Stolpane Skulehus skulle flyttast til Nordbygda har utvalet hatt ansvaret for gjennomføring av prosjektet.

Det vart i utgangspunktet løyvd 250 000 kroner til prosjektet, men utvalet har klart å skaffa 50 000 kroner frå Sparebanken Vest slik at det totale budsjettet har vore på 300 000 kroner. Totalkostnaden for gjennomføring er i henhold til budsjett.

Med ei slik kostnadsramme har det vore nødvendig å ta store delar av arbeidet på dugnad. I alt har 60 personar delteke på dugnad, og det er lagt ned ca. 1750 dugnadstimar totalt. Utvalet har også møtt stor velvilje frå lokalt næringsliv som mellom anna har lånt ut maskiner og stilt med maskinførarar på dugnad utan kostnad. Samarbeidet med administrasjonen i kommunen har også fungert godt. Utvalet vil med dette få takka alle involverte som har vore med å bidratt i arbeidet med flytting av Stolpane Skulehus.

For utvalet

Frode Bjørnås

Innholdsfortegnelse

<u>1</u>	<u>INNLEIING</u>	<u>4</u>
<u>2</u>	<u>DEI FYRSTE VURDERINGANE</u>	<u>4</u>
2.1	<i>Plassering</i>	4
2.2	<i>Flytting – Ulike løysingar</i>	4
2.2.1	FLYTTING MED BIL	5
2.2.2	HELIKOPTER	5
2.3	<i>Vedtaket</i>	5
<u>3</u>	<u>FLYTTINGA</u>	<u>6</u>
3.1	<i>Førebuing</i>	6
3.2	<i>Den store dagen</i>	7
3.3	<i>Opprydding av tomt i Stolpane</i>	9
<u>4</u>	<u>RENOVERING OG OPPUSSING</u>	<u>9</u>
4.1	<i>Utført arbeid utvendig</i>	9
4.2	<i>Innvendig hovudetasje</i>	10
4.3	<i>Loft</i>	11
<u>5</u>	<u>ØKONOMI</u>	<u>12</u>
	Appendix A Bilete	12

1 Innleiing

Stolpane Skulehus vart bygd i 1872 på Stolpane i Trengereidfjorden. Huset vart nytta som skule fram til byrjinga på 1960-talet. Etter dette har det bl.a. vore nytta som barnehage, vallokale, forsamlingshus og sundagsskule. Det har sidan seint på 1980-talet vore diskutert kva som skal skje med huset. Vinteren 2004 vart saka igjen teke opp i kommunestyret. Det vart då sett ned eit Ad-hoc utval som skulle vurdere korleis huset kunne flyttast, plassering og kostnad. Huset vart som kjent flytta og plassert mellom Nordbygda barneskule og barnehage. Denne rapporten beskriv arbeidet til Ad-hoc utvalet og litt om kva vurderingar ein har gjort undervegs.

2 Dei fyrste vurderingane

2.1 Plassering

Utvalet valde å plassera huset ved Nordbygda skule. Dette for at huset skal kunne nyttast i samband med undervisning. Området var ikkje regulert til andre formål og rektor ved skulen stilte seg positiv til plasseringa. Eit anna moment er at huset vil få jamnleg tilsyn.



Bilde 1 Bilde viser området slik det var før huset kom på plass

2.2 Flytting – Ulike løysingar

Utvalet kom fram til følgjande alternativ ein ville få utreda:

Riving/Oppattbygging

Utvalet tok kontakt med Norheimsund og Arna Yrkesskule for å få vurdert om dette kunne vera eit aktuellt prosjekt for tømrrar-linja. Svaret frå begge skulane var at prosjektet ville vera for omfattande. Det vart derfor henta inn anbod frå ein tømrrar. Dette anbudet var i overkant av 300 000 kr. Beløpet dekkja ikkje transport, riving/montering av pipe, materiell (t.d. nytta sutak, lekter, papp...), rydding og utbedring av eventuelle skader. Det ville nok vera mogleg å få gjort delar av arbeidet på dugnad, men anbudet frå tømrrar viste at dette var eit omfattande arbeid.

2.2.1 Flytting med bil

Det vart henta inn anbod på flytting med bil. Dette anbudet inkluderte leige av mobilkran, oppjekking/rigging samt utbedring av veg ned til Stolpane, og var på 102 000 kr. Utvalet tok kontakt med Statens Vegvesen og fekk mål på Raunekleivtunnellen. Utifrå dette ville det ikkje vera råd å få huset gjennom tunnelen.

Det er svært mange linjer som kryssar vegen mellom Stolpane og Nordbygda. For å koma under desse måtte taket plukkast ned. I tillegg til vegen ned til Stolpane måtte ein utvida ein sving på gamlevegen over Raunekleiva, samt midlertidig fjerna rekkverket over tunnelmunningen midlertidig. Anbod for dette arbeidet vart også henta inn.

2.2.2 Helikopter

Flytting har som kjent vore vurdert tidlegare og det har då vore henta inn tilbud på transport med helikopter. Kostnaden viste seg den gong å vera akseptabel. For å klare vekta av huset ville det vera nødvendig med eit helikopter av typen Chinook eller tilsvarande. Dette er pr. i dag ikkje tilgjengeleg i Noreg. Å få henta eit helikopter frå utlandet ville nok kosta så mykje at ein ikkje såg dette som eit reellt alternativ.

2.3 Vedtaket

Alternativa som er lista opp i kapittel 2.2 vart presentert for kommunestyret og det vart oppretta ei sak på dette. Resultatet etter debatten var at kommunestyret bevilga 250 000 kr til prosjektet. 100 000 skulle takast frå bevilgningane til samfunnshus dvs. 25 000 over fire år.

Det var beslutta at huset skulle flyttast til Nordbygda med bil og at grunnmuren skulle stejast opp i naturstein.

3 Flyttinga

3.1 Førebuing

Arbeidet med å gjera huset klart til flytting starta i April 2005. Det første som vart gjort var å ta ned pipa. Denne var utført i teglstein med kvitmåla puss utanpå. Som nevnt var huset for høgt til å gå under linjene slik at taket måtte takast av. Taket bestod av ruteheller på ca. 67 * 67 cm som var spikra rett på sutaket. Hellene vart teke av på dugnad og ein fekk nytta kommunen sin traktor for å ta hellene ned frå taket. Alle hellene vart merka og stabla på paller som igjen vart merka. Pallene vart henta av og lagra hos Kjell Odland.



Bilde 2 Dugnadsgjengen i full gong med å ta av hellene frå taket

Samstundes med at hellene vart teke av huset i Trengereidfjorden var ein annan dugnadsgjeng i gong med muring av grunnmur på Nordbygda. Grunnmuren er murt i naturstein. På baksida av muren vart det sett opp forskaling og støypet ein armert mur. Det vart også laga til bjelke etter midten for å støtta opp golvbjelkane i huset.

Etter at hellene var teke av vart sutaket fjerna og sperrene tatt av. Golvbjelkane på loftet vart felt ned i veggane og holdt igjen for utspenn, sperrene var plassert i "hakk" i ramma og kunne enkelt løftast av. Gavlen på kvar side vart skåre laus frå resten av veggene og heist ner med kranebil saman med sperrene.



Huset skulle løftast etter to store stålbjelkar som vart lagt under huset. For å få dette til måtte golvet i kjøkken og gang fjernast slik at ein kom til å få gravd ei grøft for å bjelken gjennom. I andre enden, under skulestova, var klaringa stor nok til at ein kunne tre bjelken gjennom utan å grava.

Bilde 3 Tone som grøftegravar inne i huset

3.2 Den store dagen

22. August 2005 vart huset flytta frå Stolpane til Nordbygda. Om morgonen denne dagen kom det mobilkran frå Voss som skulle heisa huset opp på lastebilen. I samband med anbudet vart huset anslått til å vera mellom 6 og 8 tonn av kranbil selskapet. Då huset skulle løftast viste lasta i kranen nærare 14 tonn og ein måtte leggja ner kranen for å tre om talja for å klare vekta. Det vart også stilt spørsmål om huset kunne hengja fast i noko? Dette var eit svært spennande augeblikk for utvalet som hadde stått for rigging og førebuing sjølv, men huset tok som kjent av frå grunnmuren og vog rett i overkant av 14 tonn.



Bilde 4 Huset på veg opp på lastebilen

På grunn av at vekta var noko større enn antatt måtte ein utbetra oppstillingsplassen for kranen ved Nordbygda skule. Dette vart gjort om natta for å unngå ventetid på kranen.

Etter at huset var kome på lastebil vart huset kjørt opp i hovudvegen og parkert her. Sjølve transporten frå Trengereidfjord start kl 23:00, dette pga. at vegen måtte stengjast. Både Politi og representant frå Statens Vegvesen var med på turen for å sjå til at alt gjekk rett for seg.



Bilde 5 Huset på plass på Nordbygda etter vellukka tur frå Stolpane

Som nevnt var det gjort utbetringar på vegen opp frå Stolpane og over Raunekleiva. Over tunnelmunningen vart vegen heva for å gå klar ein mur samstundes som rekkverket vart teke midlertidig ned. Svingen ved "steintaket" vart også utvida.

Rundt 30 personar var med på turen frå Stolpane til Nordbygda og jubelen var stor då lastebilen kjørte inn på skuleplassen kl. 01:00. Turen vart altså gjort unna på 2 timar og må seiast å ha gått heilt etter planen.



Bilde 6 Huset på veg inn på den nye grunnmuren

3.3 Opprydding av tomt i Stolpane

Ved skulehuset i Stolpane var det også ein utedo. Hellene vart teke av og huset rive ned. Ad-hoc utvalet leigde inn K.I. Svensdal for å fjerne grunnmur og restar etter utedo og sutak. Kostnaden for dette arbeidet var 10 000 +mva.

4 Renovering og oppussing

Etter at huset var plassert på den nye grunnmuren vart sperrer og gavlar heist på plass og midlertidig sikra. Deretter tok arbeidet med å pussa opp huset til.

4.1 Utført arbeid utvendig

Eksisterande sperrer vart som nevnt sett på plass igjen. Etter dette vart det spikra opp nytt sutak som vart kledd med papp. Det vart her vald papp av ein slik kvalitet at anna takdekke ikkje var nødvendig på 2-3 år. Dette vart gjort då ein såg det som lite sannsynleg at hellene ville koma på plass før vinteren. Etter at sutak og papp var på plass vart ein tømrrar leigd inn for å montere opp nye takrenner.



Fleire av glasrutene var knust slik at desse måtte erstattast. Utvalet hadde ein del arbeid med å finna ruter som var store nok, men lukkast til slutt med dette. Utvalet fekk nytta sløydsalen på Nordbygda skule til å skjera til nye glas og montera desse i dei eksisterande karmene.

Ein del av kledningen var i dårleg stand, samt at noko hadde blitt fjerna i samband med klargjering for løft.

Bilde 7 Sperrene vart heist på plass

Kledningen på skulehuset er svært brei (9") og måtte bestillast særskild. Det er i hovudsak dei to nederste borda rundt heile huset samt ein del i det søndre brøstet som er bytta. Vannbordet er også nytt rundt heile huset. Det er også sett opp nye hjørnekjølur og vindskier.

Framfor inngangsdøra er det murt opp trapp i naturstein. Her var utvalet "ute på bygda" og fekk skaffa til veie ei stor helle til å ha på trappa.

På våren i 2006 vart hellene lagt på den sida av taket som vender mot skuleplassen. Dette arbeidet samt maling av huset var ferdig til 17. Mai. På nasjonaldagen var huset ope for publikum og utvalet fekk mykje god tilbakemelding på arbeidet som var gjort fram til denne dagen.

4.2 Innvendig hovudetasje

Hovudetasjen består av tre rom, skulestova, gong og eit lite kammers som heretter vil bli omtalt som "kjøkken". Som nevnt måtte golvet i kjøkken og gong takast opp for å få plassen bjelken huset vart løfta etter. Det er no lagt nytt golv i desse romma. Før golvbora vart lagt på vart det lagt inn ekstra golvbjelkar for å stive av golvet samt at golvet vart isolert med 20 cm isolasjon. Mot underlaget ligg det asvaltplater. For at golvet ikkje skulle bli for ulikt det som er i skulestova vart det påført eit strøk med beis før det vart lakka.



Før golvet vart lagt att vart det støypt fundament, pipe og brantmur. Pipe og brantmur er utført i leca som er pussa og malt med kvit sementbasert maling. Den eksisterande omnen som stod i huset vart pussa opp og montert inn. Pipa er utført i gamal stil over tak, noko som gjorde at standard pipehatt ikkje kunne nyttast. Det vart derfor lagd eit spesial-deksel for å unngå at regn kjem inn i pipeelementa.

Etter at golv og brantmurar var ferdig var det klart for listing. Her var ein heldig å fekk tak i diverse gamle listverk som hadde vorte teke vare på frå andre gamle hus, men det vart også laga og modifisert ein del nytt listverk.

Bilde 8 Nyoppussa vedovn frå 1945

Taket i skulestova besto av kvitmåla plater. Desse platene hadde trekt til seg mykje vatn under flyttinga, ein valde derfor å ta desse vekk. Etter at taket hadde tørka godt opp vart det og bjelkane pussa, grunna og malt.

Alle vinduskarmar vart også pussa ned, grunna og malt på nytt.

På kjøkkenet er det komme på plass kjøkkeninnredning med skuffer, skap og vask. Vatn og avløp er tilkobla det kommunale nettet.

4.3 Loft

Loftet vart isolert og panelt. For å retta av, og forsterka taket, vart det lagt inn nye 1.5"x6". Det er lekta ut 5cm og lagt inn asfaltplater for å sikra god lufting. Etterpå vart taket isolert med 10 cm isolasjon. Hanabjelkane vart også flytta opp slik at ein kan gå under utan å "ta oppi". For å kompensere for dette er det lagt inn kneveggar. I kneveggane er det laga innspeksjonsluker.

Inntaket for straum er på loftet. Kabel frå inntaket går bak vestre knevegg og ned på kjøkkenet der sikringsskapet er plassert.



Bilde 9 Eksisterande sperrer vart forsterka og retta av før isolering og paneling

5 Økonomi

Som nevnt vart det bevillga 250 000 kroner til prosjektet. I tillegg søkte og fekk utvalet 50 000 kroner frå Sparebanken Vest. Utvalet har og henvendt seg til lokalt næringsliv, og sendt fleire søknader til Norsk Kulturminnefond utan at dette førte fram. I tidleg fase vart det også vurdert å danna ein stiftelse for lettare å kunna få midlar.

Prosjektet er utført innafor kostnadsramma på 300 000 kr. Alle rekningar er betalt ut av kommunekassen slik at for detaljar om utgiftene blir det vist til kommunen sitt rekneskap. Det kan nevntast at hovudaktivitetane som grunnarbeid og sjølve flyttinga kom på henholdsvis 40 000 og 138 000 kroner. Kostnaden for det elektriske anlegget var på 32 000 kroner.

Appendix A Bilete















